Møte nr. 1/13

# BOKN KONTROLLUTVAL

## INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

| | |
|---|---|
| **Dato:** | **torsdag 21. mars 2013** |
| **Tid:** | **kl. 18.00** |
| **Sted:** | Boknatun |

| | |
|---|---|
| **Forfall meldes til:** | Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller tlf 959 86 979 /sms/ e-post: *tha.kontrollutvalgene.no* |

Medlem som må melde forfall eller meinar seg ugild, må gi melding om dette så tidlig som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt.

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmene.

***Rådmannen er invitert/kalla inn til å orientere i sak 2/13.***

---

**Sakliste:**

**1/13 Godkjenning av protokoll frå møte 28.11.12**

**2/13 Referatsaker 21.03.12**

**3/13 Kontrollutvalet si årsmelding 2012**

**4/13 Val av forvaltningsprosjekt for 2013/ 2014**

**5/13 Rapport – selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS (IKA)**

**Eventuelt**

Bokn/Aksdal, 12.03.13

Daghild Alvestad
leiar (sign.)

Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

| | | |
|---|---|---|
| Kopi: | Ordførar | (møte- og talerett) |
| | Revisor | (møte- og talerett) |
| | Rådmann | (invitert/kalla inn i sak 2/13) |
| | Varamedlemmer | (til orientering) |

# BOKN KOMMUNE

**Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Kontrollutvalet | 21.03.13 | **1/13** |
| | | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 033 | |

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 28.11.12

**Vedlegg:** Protokoll 28.11.12

**Saksorientering:**

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 28.11.12 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

## SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.11.12 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 11.03.13

Toril Hallsjø

Toril Hallsjø
*Utvalssekretær*

# BOKN KONTROLLUTVAL

## PROTOKOLL

Onsdag **28. november 2012** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av utvalsleiar Daghild G. Alvestad.

| | |
|---|---|
| **MØTESTAD:** | Boknatun, allrommet |
| **MØTESTART/-SLUTT:** | kl. 18.00 – kl. 20.30 |
| **MØTANDE MEDLEMMER:** | Daghild Alvestad (Sp), Olav L. Rossebø (H) og Christine Berg Christiansen (A) |
| **FORFALL:** | Ingen |
| **FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:** | Dagleg leiar Toril Hallsjø, Haugaland kontrollutvalgsekretariat IKS |
| **FRÅ REVISJONEN MØTTE:** | Else Holst-Larsen, partner i Deloitte as |
| **ANDRE SOM MØTTE:** | Ordførar Kyrre Lindanger til kl. 19.55 t.o.m. sak 25/12 og rådmann Jan Erik Nygaard til kl. 20.05 t.o.m. sak 26/12. |
| **MERKNADER TIL INNKALLING:** | Ingen |
| **MERKNADER TIL SAKLISTE:** | Utvalet var samd om å ta pkt. 33 i sak 20/12 opp etter sak 26/12. |

## FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

### 19/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12.09.12

**Sekretariatet si innstilling:**
Protokoll frå møte i kontrollutvalet 12.09.12 blir godkjent slik den ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.11.12:**
Utvalet hadde ikkje merknader til sjølve protokollen. Leiar tok opp igjen pkt. 22 i sak 14/12 om utbygging av piren i Knarholmen. Ho viste til brev dagsett 11.09.12 som ikkje samsvarer med det teknisk sjef sa til kontrollutvalet i møte 12.09.12. Utvalet var samd i at utvalsleiar sjekkar dette ut.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.11.12:**

*Protokoll frå møte i kontrollutvalet 12.09.12 blir godkjent slik den ligg føre.*

*Utvalsleiar undersøker med teknisk sjef om brev om utbygging av Knarholmen, jf pkt. 22 i sak 14/12.*

**20/12 REFERATSAKER 28.11.12**

27. Bokn kommune sin kriseberedskap v/rådmannen
28. Fylkesmannens tilsynskonferanse 02.10.12 – program og deltaking
29. Høstkonferansen 2012 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland, Sandnes 01.11.12
30. NKRF-konferansen 6.-7.03.13 Gardermoen – påmeldingsfrist 19.12.12
31. "Det uforståelige kommunebudsjettet" av Bjørn Brox – artikkel i K-rapport 2003
32. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS - 23.11.12
33. Føresvik Indre Hamn – brev frå Lars Norekvål

**Handsaming i kontrollutvalet 28.11.12:**
Til 27:
Rådmannen informerte om lovfesta plikt frå 2009, dei ulike planverk for kommunen, om øvinga i oktober og dødsulukka i sommar. Øvingsscenario var brann på Boknatun. Det blei nytta eit webbasert dataverktøy *Cim* som virka svært godt ved varsling via mobil og ved loggføringa. Mappe med alle kriseplanane er plassert i tre ulike bygg. I tillegg til kriseleiing (leia av rådmann) er det i haust skriftleg nedfelt plan om kriseteam. Hendinga i sommar blei takla på ein god måte med økonomisjef som stedfortredar. Utvalet var nøgd med orienteringa.
Til 28 og 29: Sekretæren informerte om konferansane.

Til 30:
Utvalet meinte NKRF-konferanse var nyttig og dei ønskte fullmakt til å melde på alle tre. Det blei gitt klarsignal frå rådmann og ordførar om det var greitt.

Til 33:
Utvalet drøfta kva dei ville gjere med brevet, kor det blir vist til fleire forhold som avsendar meiner ikkje er fylgt opp av administrasjonen. Sekretær stilte seg tvilande om dette var ein sak for utvalet, då utvalet skal sjå på rutinar, ikkje enkeltsaker. Ho oppretheldt si tilråding om at rådmannen burde få saka til uttale.
Olav L. Rossebø tok opp si eigen habilitet. Han har båtplass og leigeavtale med Norekvål. Utvalet og sekretær var usikre og dette skulle bli undersøkt. Utvalet blei samd om å sende saka til rådmannen for ei snarleg tilbakemelding og dei ønskte ei orientering i neste møte.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.11.12:**

*Referatsakene 32-88 blir tatt til orientering.*

*Utvalet vedtek å delta med inntil 3 deltakar på NKRF-konferansen 2013.*

*Utvalet ber om rådmannen sin kommentarar på spørsmåla i brev om Føresvik Indre Hamn så snart som mogeleg og at han kjem og orienterer i neste møte.*

## 21/12 PRESENTASJON AV REVISOR – OVERORDNA REVISJONSTRATEGI

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2012 til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.11.12:**
Revisor Else Holst-Larsen presenterte seg sjølv og firmaet Deloitte as, med vekt på kontora i Haugesund og Bergen. Det blei en diskusjon kring nytten med forvaltningsrevisjon. Det har vore oppstartsmøte i august og interimsrevisjon i november. Det vert sett på rutinar knytt til innkjøp/utfakturering, lønnskjøring m.m. og laga analyser. Målet er mest mogeleg korrekt rekneskap og at revisor kan vere med å sikre gode rutinar.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.11.12:**
*Bokn kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2012 til orientering.*

## 22/12 NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – ENDELIG PRIORITERING

**Sekretariatet si innstilling:**
Kontrollutvalet i Bokn gjer følgjande endringar i sin prioritering:

Sekretariatet vil oppdatere planen med den endelege prioriteringa før planen vert vidaresendt til kommunestyret for sluttbehandling.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.11.12:**
Sekretær gjorde greie for utkast til plan, innkomne innspel og den i timeressurs som kommunestyret har sett av til forvaltningsrevisjon. Utvalsleiar støtta rådmannen sitt framlegg i sist møte om og sjå nærare på «økonomisk sosialhjelp». Rådmannen viste til god omtale knytt til barnevern. Han ville gjerne orientere om internkontrollarbeidet. Utvalet samd i å skyve det lenger ned og berre ha eitt prioritert område. Dei andre vert sett som kulepunkt og utvalet vil seinare velje blant desse dersom det er timar igjen til fleire prosjekt.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.11.12:**

*Kontrollutvalet i Bokn gjer følgjande endringar i sin prioritering:*

1. *Økonomisk sosialhjelp*

- *Pasient – og brukarrettar innan helse/omsorg*
- *Handtering av sjukefråveret*
- *Barnevern*
- *Samhandlingsreforma*

*Sekretariatet vil oppdatere planen med den endelege prioriteringa før planen vert vidaresendt til kommunestyret for sluttbehandling.*

## 23/12 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012-2016

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kommunestyre vedtar den framlagte Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 for inneverande kommunestyreperiode.

Evt. oppdatering og endringar i plan for forvaltningsrevisjon i planperioden delegerast til kontrollutvalet.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.11.12:**
Utvalet viste til drøftingane og vedtak i sak 22/12 og slutta seg til innstillinga.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.11.12 og innstilling til kommunestyret:**

*Bokn kommunestyre vedtar den framlagte Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 for inneverande kommunestyreperiode.*

*Evt. oppdatering og endringar i plan for forvaltningsrevisjon i planperioden delegerast til kontrollutvalet.*

## 24/12 OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT SELSKAPSKONTROLL – HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kommunestyre tar tilbakemelding frå selskapet om oppfølging av selskapskontroll i HIM IKS til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.11.12:**
Sekretær viste til at revisor si rapport var todelt. Andre kontrollutval har tatt inn oppmoding at kommunen bør utarbeide ei eigarstrategi for selskapet. Utvalet slutta til framlegget om å ta dette inn i vedtak/innstilling.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.11.12 og innstilling til kommunestyret:**

*Bokn kommunestyre tar tilbakemelding frå selskapet om oppfølging av selskapskontroll i HIM IKS til orientering.*

*Bokn kommunestyre vedtar at det vert utarbeida ei eigarstrategi for eigarskapen i HIM, samt at det vert vurdert korleis eigarrolla i representantskapet vert utøvd.*

## SAK 25/12 STATUSOVERSIKT OVER KONTROLLUTVALET SINE PROSJEKT PR NOVEMBER 2012

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontrollutval tar statusoversikten for november 2012 til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.11.12:**
Sekretær forklarte oversikten med at det ville gjere det lettare for sekretariatet å ha oversikt over prosjekta i dei forskjellige kommunane.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.11.12:**

*Bokn kontrollutval tar statusoversikten for november 2012 til orientering.*

## 26/12 MØTEPLAN FOR 2013

**Sekretariatet si innstilling:**
Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2013:
torsdagane 07.03, 23.05, 05.09, 07.11, kl. 19.00.
Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

**Handsaming i kontrollutvalet 28.11.12:**
Utvalet støtta sekretariats framlegg til dato, men var meir usikre til klokkeslett.
Utvalet blei samd om å starte kl. 18.00 av omsyn til administrasjonen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.11.12:**

*Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2013:*

*torsdagane 07.03, 23.05, 12.09, 07.11, kl. 18.00.*

*Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato ved behov.*

***Eventuelt***

<u>Neste møte</u>
I følgje møteplanen er dato sett til **torsdag 7. mars kl. 18.00.**

Bokn, 28. november 2012

| | |
|---|---|
| Daghild G. Alvestad (sign.) | Toril Hallsjø |
| Kontrollutvalsleiar | Utvalssekretær |

# BOKN KOMMUNE

**Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Kontrollutvalet | 21.03.13 | **2/13** |
| | | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 033 | |

## REFERATSAKER 21.03.13

**Vedlegg:**

1. Svar frå teknisk sjef motteke 17.01.13 - pir i Knarholmen
2. Kom.styrevedtak 18.12.12, sak 42/12 – Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2014
3. Kom.styrevedtak 18.12.12, sak 46/12 – Oppfølging av gjennomført kontroll i HIM IKS
4. Skatteoppkrevjaren i Bokn – skatterekneskap 2011 og årsrapport
5. Kontrollrapport 2011 vedk skatteoppkrevjarfunksjonen i Bokn kommune
6. Opne møte i kontrollutval og kommuale føretak frå 01.07.13
7. NKRF si kontrollutvalskonferanse 01.-02.02.12 – evaluering
8. Kommentar frå rådmannen motteke 13.03.13 - Føresvik Indre Hamn

**Saksorientering:**

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Referatsaker 1 - 8 blir tatt til orientering

Aksdal,13.03.13

T. Hallsjø

Toril Hallsjø
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

BOKN KOMMUNE
TEKNISK

KJEKT PÅ BOKN

1.

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 17.01.13
Journalført: 13/9 /tha
Arkivkode: 260

Daghild Alvestad
Grønnestadvegen 673
5561 BOKN

| Vår ref.: | Dykkar ref.: | Dato: |
|---|---|---|
| 12/450-12/GBR-11/307//KBU | | 10.01.2013 |

## Gnr 11 bnr 307 - Alianse Invest Bokn AS - pir - førespurdnad om saksgang

Viser til mail. frå deg datert 12. desember 2012.
Eg vil fyrst gjera greie for mistyding om kva som blei referert på møte i kontrollutvalet 12.09.2012. I møtet viste eg til at piren var synt på eit kart ( vedlegg 2 ) som fylgde søknad om utsprengjing for lagerbygget. Dette går og fram av mail. ( vedlegg 1) datert 07.09.2012 frå kommunen til kontrollutvalet. Det var difor grunn til å tru at piren skulle byggjast etter planane. Vi hadde ikkje kontrollert om han var bygd slik. Det som derimot var klart, var at det ikkje var søkt om godkjenning for piren. Utbyggjar hadde skrive at ein skulle søkja om alle abeid før dei blei sete i gong. I godkjenning av sprenging og fylling i sak 051/11 den 16.06.2011( vedlegg 4) er det i punkt 8 sagt at alt arbeid, ut over godkjent sprenging og fylling, må godkjennast før det blir sett i gong.
De seier at det i brev datert 11.09.12 frå underteikna ( vedlegg 5) står at piren ikkje er innafor reguleringsgrensa. Dette kan eg ikkje finna. I brevet er det referert til brev frå kommunen 08.06.2011 ( vedlegg 3 ) der ein kan lesa « *Det er heller ikkje samsvar mellom planen og utfylling i sjø, og det må i søknaden gjerast nærare greie for dette. Eventuell dispensasjonssøknad må grunngjevast. All utfylling i sjø krev løyva etter hamnelova § 16 i føresegnene for bebyggelsesplanen. Saka må derfor leggjast fram for Karmsund hamnevesen og Kystverket.*» Når det her blir tala om utfylling, har dette ikkje noko med piren å gjera, men med utfylling av dei sprengde steinmassane so skulle fyllast mot Boknasundet i aust. Plassering av desse massane blei avklara og dei blei fylt ut i samsvar med planen.

Eg vil no kommentera kulepunkta i brevet frå deg.

Kulepunkt 1. Kva som er sagt i møtet er kommentert over, og blir ikkje omtala på nytt her. Det er kome søknad frå Erial AS datert 21.desember 2012 ( vedlegg 8 ) om rammeløyve for den piren som saka her gjeld saman med søknad om eit større opptrekk. Av kartet som fylgjer saka ( vedlegg 7) går det fram at den fyrste piren går noko ut over plangrensa.

Kulepunkt 2. Saka blei kjent for oss då vi fekk mail. frå i kontrollutvalssekretariatet 27.08.2012. Med bakgrunn i dette sende vi brev til tiltakshavar 11.09.2012. Vi fekk svar 20.09.2012. I svaret orsaka tiltakshavaren feilen og lova å koma med søknad. Brev og svar blei lagt fram for forvaltningsstyret som meldingssak. Ein gjorde samstundes greie for at ein ville vurdera det ulovlege tilhøvet saman med handsaming av søknaden. Då ville ein ha full oversikt over saka. Piren sto ferdig og det var kjent at han var bygd utan løyve. Ein kunne ikkje sjå at det ville koma skade ut over den som alt låg føre. Ein kunne heller ikkje sjå at bevis kunne gå til spele. Forvaltningsstyret hadde ikkje merknader til dette.

Etter dette har det fleire gonger vore kontakt mellom kommunen og utbyggjar. Den 30.10.2012 kom det mail. frå Erial AS ved Odd Gunnar Haugen ( vedlegg 9). I mailen blei det gjort greie for korleis ein ville handsama søknadsprosessen. Denne mailen blei og lagt fram for forvaltningsstyret som meldingssak.

Det blir teke stode til korleis ein handsamar slike saker i kvart einskilt høve. I denne saka er forvaltningsstyret gjort kjent med framgangsmåten. I saker der ein kan hindra ytterlegare skade med å gripa inn med det same, vil ein gjera det.

Kulepunkt 3. Ein har teke mot søknad datert 21.12.2012. ( Vedlegg 7 og 8 ) Av brev i vedlegg 8 går det fram at saka er sendt til Kystverket og Havnevesenet. Søknadene til desse institusjonane ligg ved søknaden, men ligg ikkje ved her. Ein vil med det fyrste gå gjennom søknaden og sjå om alt er på plass. Når alt ligg føre, vil saka bli lagt fram for forvaltningsstyret. Då vil administrasjonen og gjera tilråding kva gjeld ulovlege tilhøve.

Med helsing

Kåre Bua
Teknisk sjef

Vedlegg

Kopi: Rådmannen
Kontrollutvalet

BRUKSKOPI

7450-9
17/12-2012
2-13

**Kåre Bua**

VESL. 10

**Fra:** Jan Erik Nygaard
**Sendt:** 14. desember 2012 23:30
**Til:** Kåre Bua; Kyrre Lindanger
**Emne:** Fwd: Angående ulovlig byggesak i Knarholmen.

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

> **Fra:** Daghild Alvestad <dgalve06@hotmail.com>
> **Dato:** 14. desember 2012 20:45:54 CET
> **Til:** <jan.erik.nygaard@bokn.kommune.no>
> **Kopi:** torill <tha@kontrollutvalgene.no>, christine <christine.bc@hotmail.com>, olav <olav.rossebo@get.no>
> **Emne: Angående ulovlig byggesak i Knarholmen.**
>
> Kontrollutvalget hadde møte den 12 september der teknisk sjef og rådmann var å gjore rede for en sak meldt til kontrollutvalet. Det gjaldt manglende saksopplysninger og søknader vedrørende Bokn maritime senter sin utbygging av pir i Knarholmen.
>
> Imøte blir det etter det samtlige medlemmer husker, informert om at Kåre skal skrive ett brev til Bokn maritime senter der en ber om å få inn søknader. På grunn av dataproblemer var ikke dette blitt gjort enda. Det ble også informert om at selv om ingen søknad forelå, var piren innenfor allerede regulert område.
>
> Kontrollutvalget stiller seg da undrende på at et brev datert 110912 fra Kåre Bua, der sies det at pir ikke er innenfor regulert område. Jeg siterer:
>
> *Vi har ved synfaring i Knarholmen sett at det er bygd pir for båtheis. Vi kan ikkje se i våre papirer at den er byggjemeldt. Piren er nevnt i en mail fra Gunna Hop til ordføreren den 010611. Her les vi: "vi sender inn fullstendig søknad om igangsettelsestillatelse på bygget, og bygging av pit til travelhoist-heiseanretning"*
> *Viser ellers til brev frå kommuen datert 080611. Her les vi: " Det er heller ikke samsvar mellom planen med omsyn til utfylling i sjø, og det må i søknaden gjerast rede for dette."*
>
> Kontrollutvalget ønsker med dette klarhet i:
>
> - Er utbyggingen i samsvar med planen slik vi ble informert om i møtet, eller er den ikke det slik det siteres fra i brev? Hvis rådmann bekrefter at det er innenfor planen ønsker vi å få se dokumentene på dette.
> - Kommunen ble tidlig informert om ulovlig igangsetting av utbygging uten at saken ble følgt opp. Når ble saken kjent for kommuen og hvorfor ble den ikke sendt over til forvaltningsstyre som enn ulovlig byggesak men i stedet startet med saksbehandling i etterkant? Hva rutiner har dere på dette?
> - Ønsker også en tilbakemelding på hvor langt saken er kommet nå og om den også er sendt over til kystverket.

VEDLEGG 9 12/450-8 INN 5/11-2012

**Kåre Bua**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Odd Gunnar Haugen <ogh@erial.no> |
| **Sendt:** | 30. oktober 2012 20:20 |
| **Til:** | Kåre Bua |
| **Emne:** | Sak 085/11 søknad om midlertidig brukstillatelse |
| **Vedlegg:** | Søknad om midlertidig brukstillatelse.pdf |

Hei.

Viser til tidligere samtaler, og møte på deres kontor, vedr dette prosjektet.

Prosjektet består av 2 tiltak:
1. Gnr. 11 Bnr. 293. Lagerbygg
2. Gnr. 11 Bnr 307. Opptrekk for båter.

Som redegjort for nedenfor i denne henvendelse ser en for seg at den videre behandling av saken bør kunne tas i flere trinn:
- Første trinn kan da være å søke om midlertidig brukstillatelse for tiltak på Gnr. 11 Bnr. 293
- Andre trinn kan være å søke om endring av tiltak på Gnr. 11 Bnr. 293, og søknad om tiltak for Gnr. 11 Bnr. 307.
- Tredje etappe vil da være å søke om ferdigattest for begge tiltak.

I det etterfølgende beskrives saken slik den står i dag, og forslag til videre fremdrift.

Utbygger, Alliance Invest Bokn AS, fikk igangsettingstillatelse for tiltaket på Gnr. 11 Bnr. 293, den 29.01.11. (Kommunes saksnummer 085/11). Det var firmaet Nutech Byggsystemer som var søker, og som også innehar ansvarsretter i forbindelse med tiltaket.
Bygget er reist og klart til den bruk det opprinnelig var søkt om. Det gjenstår noe belistning og ferdigstillelse automatikken for portene.

I sluttfasen, etter at bygget var reist og på det nærmeste ferdigstilt, ble det aktuelt for utbygger å gjøre endringer slik at han kunne leie deler av bygget ut til firma som ville benytte det til arbeidsplasser.
Det ble derfor satt i gang en prosess for å søke om endring av igangsettingstillatelse. Dette arbeidet ble dessverre forsinket på grunn av at utbyggers entreprenør var kommet opp i økonomiske problemer, noe som etter en tid i uvisse, dessverre endte med at den engasjerte entreprenøren/søker (Nutech Byggsystemer AS) til slutt gikk konkurs.
Dette har så skapt store utfordringer for tiltakshaver.

Det var altså dette firmaet (Nutech som gikk konkurs) som hadde ansvarsretter for tiltaket. Pr. i dag er det derfor konkursboet som sitter med alle dokumenter vedr dette tiltaket. Det kan være at en på sikt kan få tilgang til nødvendige dokumenter, men iflg. tiltakshaver er det vanskelig å få tilgang på nåværende tidspunkt.

Tiltakshaver, Alliance Invest Bokn AS, har derfor kontaktet undertegnede for å få hjelp til å fremskaffe nødvendige tillatelser for tiltaket, det være seg for utførte arbeider og for de planlagte endringer. Iflg. tiltakshaver var det allerede før konkursen hos entreprenøren satt i gang prosjektering av endringer for bygget, men dette er som nevnt vanskelig tilgjengelig på nåværende tidspunkt.
Den tidligere entreprenøren/søker hadde også satt i gang prosessen med å søke om endring av tiltaket, men det stoppet opp før det var kommet langt nok til å kunne sende inn søknad. Firmaet som gikk konkurs hadde som nevnt hånd om alle formaliteter med tiltaket, slik at tiltakshaver sitter igjen med svært lite av dokumenter.

Arbeidet med å fremskaffe/utarbeide dokumentasjon for å kunne sende inn søknad om endring, vil derfor nødvendigvis ta noe tid, og derfor vil det bli søkt om en midlertidig brukstillatelse for nåværende prosjekt, slik at tiltakshaver kan nytte de deler som er ferdige.

Nedenfor har jeg kortfattet listet opp situasjonen slik jeg oppfatter den pr. i dag, og beskriver de videre arbeider inklusive de endringer i prosjektet som det vil bli søkt om.

Situasjonen pr i dag, slik jeg oppfatter den, er følgende:

1 det er søkt om igangsettingstillatelse for tiltak på Gnr 11 Bnr 293
   - I denne søknad er Nutech Byggsystemer AS ansvarlig søker, ansvarlig prosjekterende og ansvarlig utførende for hele prosjektet
   - Birkeland Entreprenør AS har egen ansvarsrett for grunnarbeider og innmålinger etc.

2 det er gitt igangsettingstillatelse iht. søknad
   - datert 29.07.11
   - Kommunens saksnr. 085/11

3 tiltaket er ferdig og klart til bruk, iht. opprinnelig søknad og tillatelse.

Den videre saksgang kan så beskrives som følgende:

4 det er planlagt endringer for tiltaket
   - dette pga at det, for deler av tiltaket, er planlagt fremtidige arbeidsplasser
   - prosessen er satt i gang, men pr. i dag er den ikke klar for søknad.
      1. ansvarlig søker må på plass.
         1. Undertegnede vil søke om lokal godkjenning som ansvarlig søker
      2. ansvarlige prosjekterende må på plass
         1. det er allerede inne prosjekterende for tekniske installasjoner, men endringssøknad må sendes (var tidligere underlagt Nutech sin ansvarsrett)
         2. ansvarlig prosjekterende for øvrige ansvarsområder må på plass. (var tidligere underlagt Nutech sin ansvarsrett)
      3. ansvarlig utførende må på plass
         1. det er allerede inne ansvarlige utførende for tekniske installasjoner, men endringssøknad må sendes (var tidligere underlagt Nutech sin ansvarsrett)
         2. ansvarlig utførende for øvrige ansvarsområder må på plass (var tidligere underlagt Nutech sin ansvarsrett)

5 det er bygget en opptaksplass for båter, såkalt "pit"
   - denne var opprinnelig tenkt som en del av den planlagte endringssøknaden, men oppfatter det nå slik at det er et krav fra kommunen om at det må det sendes inn egen søknad for denne.
   - Søknad vil bli utarbeidet og sendt inn.

Bakgrunnen for at de søkes om midlertidig brukstillatelse uten samsvarerklæringer.

6 I søknad om igangsetting er det i gjennomføringsplan ført opp at samsvarserklæring for UTF og KUT er planlagt levert ved søknad om ferdigattest.
   - Dette oppfattes slik at ved en endringssøknad vil søknad om ferdigattest utsettes til det endelige prosjekt er ferdigstilt og at samsvarserklæringer vi bli innsendt på det tidspunkt.

Mens en arbeider videre med å få kontroll over den uforutsette og vanskelige situasjonen som er oppstått for tiltakshaver, ber en derfor om at det kan utstedes en midlertidig brukstillatelse, for den del av tiltaket som er utført. Utbygger vil så arbeide så raskt som mulig for å sende inn en - *Søknad om endring av gitt tillatelse eller godkjenning* -.
Jeg legger ved et "forslag" til utfylt skjema - *Søknad om midlertidig brukstillatelse*. I rubrikken for gjenstående arbeider har jeg kortfattet beskrevet at det vil bli sendt inn en søknad om endring.

Jeg ber i første omgang om at dere vurderer denne fremgangsmåten så raskt som mulig. Dersom dere finner å kunne akseptere fremgangsmåten vil søknad om endring av søker, og midlertidig brukstillatelse leveres inn i løpet av noen dager

Dersom det er noe uklart ber jeg om at dere tar kontakt.

Jeg ser for meg et nært og godt samarbeide med kommunen i den videre saksgang.

Mvh
Odd Gunnar Haugen

ERIAL AS
*Prosjektadministrasjon*
*Kontroll Bygningsfysikk - Energiberegning*
Mob.: +47 48 13 16 80
Mail.: ogh@erial.no

# ERIAL AS

VEDL. 8

Bokn Kommune v/ Teknisk Etat
Boknatun

5561 BOKN

BOKN KOMMUNE
Sak: 12/647 | J.nr. 3242/647-1
Saksansv.: BJL | Saksbeh.: BJL | U.Off §:
Arkivkode: 11/307 | J. dato: 28/12-12

21. desember 2012

**PROSJEKT:** **10016 OPPTREKKSPLASSER BÅTER, BOKN**
**BREV NR.:** **E-BK-001**
**VEDR.:** **SØKNAD OM RAMMETILLATELSE FOR BÅTOPPTREKKSPLASSER**

Visert til tidligere korrespondanse og samtaler vedr ovennevnte tiltak.
Bakgrunnen for denne søknad er følgende.

Tiltakshaver Alliance Invest Bokn AS hadde tidligere engasjert et foretak som skulle ta seg av søknader i forbindelse med bygging av lagerbygg for båter, med tilhørende båtopptrekksplass. Som kjent fra tidligere har det foretaket, som hadde ansvar for de formelle sidene med søknader, gått konkurs. På grunn av dette har derfor ikke alle formaliteter blitt handtert på en måte som tiltakshaver hadde grunn til å forvente. Det er som kjent blitt bygget en båtopptrekksplass som, søknadsmessig, skulle vært håndtert av den tidligere søker.

Tiltakshaver har i den forbindelse henvendt seg til Erial AS for om mulig å få assistanse med å få tillatelser formelt på plass.

Situasjonen er nå at Alliance Invest Bokn AS er i dialog med aktører/båteiere som vil kunne ha behov for å ta på land båter som er for store for den eksisterende båtopptrekksplass. For å kunne handtere de større båtene vil det være aktuelt å bygge en ny og større båtopptrekksplass.
På grunn av den nye opptrekksplassen har en derfor valgt å se dem i sammenheng, søknadsmessig, og søker derfor i denne omgang om Rammetillatelse. Fra tiltakshavers side vil saken få den største oppmerksomhet, slik at alle formaliteter kommer på plass.

Da det tidligere ikke har vært innhentet tillatelse fra Havnevesenet og Kystverket legger vi derfor ved søknaden som er sendt til disse instanser. Tillatelsen fra Havnevesenet og Kystverket vil bli oversendt så snart de foreligger.

Vi håper på en rask og positiv behandling av saken

Med vennlig hilsen
For Erial AS
O. G. Haugen
Odd Gunnar Haugen

Vedlegg: søknad om Rammetillatelse

Vedl. 7



Holm Maritime-Senter
Korrigert fylling
REGULERINGSPLAN
J. TUFTELAND AS

12/450 - 7
INN 20/9 - 2012

**Alliance Invest Bokn AS**

VEDL. 6

Bokn Kommune
v/Teknisk Sjef

5561 Bokn

**Gnr 11 bnr 307 - pir manglende byggemelding.**

Vi viser til deres brev om manglende byggemelding, og vil med dette beklage at ikke alt har gått etter planen her.

Vi hadde et firma som bygget den store hallen, som vi hadde en kontrakt med om å forestå alle søknader, og de har omrokkert folkene sine ved at han som skulle lede dette prosjektet reiste på annet arbeide i utlandet.

For å få saken inn i ordnede former, så har vi leid inn Ingeniør Odd Gunnar Haugen, som har lang erfaring med byggeledelse og tilhørende oppgaver.

Vi ber om et møte med kommunen den 04.10.2012, slik at vi kan få saken inn i de rette former.

Så beklager jeg den belastning dette har vært på samarbeidet mellom oss og kommunen og skal gjøre vårt beste at slikt ikke skjer igjen.

Men det spirer og gror på Bokn Maritime Senter, og vi gleder oss over at det er blitt endel arbeidsplasser og at vil øke kraftig i årene som kommer.

Org nr 996820378 Knarholmen/Bokn Maritime Senter, 5561 Bokn.
Postadresse Postboks 243, 4291 Kopervik, Norway.
Phones: Office +47 52851888, Mobil +47 95256074
WEB:boknmaritimesenter.no

1745'd -4

# BOKN KOMMUNE
TEKNISK

KJEKT PÅ BOKN

VEDL. 5

Allianse Invest Bokn AS
Postboks 243

4291 KOPERVIK

| **Vår ref.:** | **Dykkar ref.:** | **Dato:** |
|---|---|---|
| 12/450-4/GBR-11/307//KBU | | 11.09.2012 |

## Gnr 11 bnr 307 - Alianse Invest Bokn AS - pir - manglande byggjemelding

Vi har ved synfaring i Knarholmen sett at det er bygd pir ( pit ) for båtheis. Vi kan ikkje sjå i papira våre at denne er byggjemeldt. Piren er nemnt i mail frå Gunnar Hop til ordføraren datert 01.06.2011. Her les vi: « *Vi sender inn fullstendig søknad om igangsettelsestillatelse på bygget, og bygging av « pit « til Travelhoist- Heiseanretning. «*

Vi viser elles til brev frå kommunen datert den 08.06.2011. Her les vi » *Det er heller ikkje samsvar mellom planen med omsyn til utfylling i sjø, og det må i søknaden gjerast nærare greie for dette. Eventuell dispensasjonsøknad må grunngjevast.*
*All utfylling i sjø krev løyve etter hamnelova, jfr § 16 i føresegnene til bebyggelsesplanen. Saka må derfor fram for Karmsund hamnevesen og Kystverket.»*

Vi ber om tilbakemelding vedrørande piren innan 01.10.2012. Vi gjer merksam på at ulovleg byggjing kan føre til krav om overtredelsesgebyr og riving. Dersom ein ynskjer å ha piren ståande må det sendast søknad.

Med helsing

Kåre Bua
Teknisk sjef


| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Bankgiro: | Org. nr: | E post: |
|---|---|---|---|---|---|
| 5561 Bokn | 52 75 25<br>0052752506 | 52 75 25 15 | 3373.07.00305 | 964979723 | post@bokn.kommune.no |

VEDL. 4

# BOKN KOMMUNE

## Sakspapir – Adm.vedtak

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Deleget rådmannskontoret | 16.06.2011 | 051/11 | BJL |

| Saksansv .: Kåre Bua | Arkiv: GBR-11/293<br>Objekt: | Arkivsaknr<br>11/277 Dok. nr. 4 |
|---|---|---|

## Gnr 11 bnr 293 - Knarholmen industriområde - Gunnar Hop - sprenging og fylling

### Saksdokument:

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 04.06.2011 | Gunnar Hop | VS: Sprengingstillatelse |
| 2 | U | 08.06.2011 | Gunnar Hop | Gnr 11 bnr 293 -Gunnar Hop - søknad om løyve til sprenging og utfylling |

### Saksopplysningar:

Med e-post dagsett 01.06.2011 vart det søkt om løyve til å sprenge ut deler av industriområdet og fylle steinamassane i sjøen.
Søknaden var ufullstendig, og søkjar vart tilskriven om dette med brev dagsett 08.06.2011.

I møte med tiltakshavar den 16.06.2011 vart det gjort avtale om at søknaden skulle korrigerast, slik at grensa for det utsprengte arealet vert lagt i linja mellom grøntarealet og byggeområdet, og at utfyllinga skal skje innafor det området som i bebyggelsesplanen er vist som utfyllingsareal..
Vidare vart det avtale at grensa for det arealet som kan sprengast ut, skal målast inn av eit føretak med sentral ansvarsrett for slikt arbeid.
Etter at arbeidet er ferdig, skal grensa for det utsprengte arealet målast inn av det same føretaket, slik at det kan kontrollerast at arbeidet er utført i samsvar med godkjenninga.

Det er godkjent ansvarshavande for sprengings- og fyllingsarbeidet, men det ligg ikkje føre søknad om ansvarsrett frå ansvarleg søkjar.

### Vurdering:

Den søknaden som nå ligg føre, er heller ikkje fullstendig.
Den avtalen som vart gjort med tiltakshavar i møtet 16.06.2011 skulle likevel sikre at arbeidet vert utført innafor dei rammer reguleringsplanen og bebyggelsesplanen set.
Det må likevel presiserast at den vidare byggesaka, krev fullstendig søknad som er utforma av kompetente føretak med ansvarsrett innafor dei fagområda som er aktuelle.

Naboar er ikkje varsla, men ettersom kommunen som den einaste naboen har god kjennskap til saka, skulle vidare varsling vera unødvendig.

**VEDTAK:**

1. Søknad om sprenging og utfylling vert godkjent med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova.
2. Søknad om ansvarsrett for ansvarleg søkjar må sendast inn frå kompetent føretak før arbeidet vert sett i gong
3. Det er ein føresetnad at utsprenging og utfylling skjer innafor rammene og grensene for byggeområdet som er vist i gjeldande arealplanar, og innafor grensene for eigen eigedom.
4. Ved fylling i sjø, må det takast omsyn til at denne må utførast slik at forureining vert unngått, og at avgrensinga mot sjø i bebyggelsesplanen skal avsluttast med ein vertikal kaifront.
5. Grenselina for det arealet som vert tillete utsprengt, må setjast ut i marka av føretak som har generell ansvarsrett for slikt arbeid. Søknad om ansvarsrett må sendast inn. Etter at arbeidet er ferdig, må grensene for det utsprengte arealet og grensa for det utfylte arealet, kontrollmålast av det same føretaket.
   Resultatet av kontrollmålinga må sendast kommunen saman med søknad om ferdigattest for arbeidet.
6. Straks sprenginga er utført, må fjellskjæringa sikrast og det må etablerast eit 2 meter høgt gjerde 1 meter inn frå topp skjæring.
   Det skal setjast inn fjellboltar der det er naudsynt. Nede skal skjæringa sikrast med ein 2 meter høg voll som skal stogga mindre stein.
7. Det må søkjast om ferdiggattest seinast 4 veker etter at sprengingsarbeidet er utført.
8. Arbeid utover den sprenging og fylling som er godkjent i denne saka, må ikkje utførast før det er sendt inn fullstendig byggesøknad, og denne er godkjent

17/ 2011

Bokn Kommune
Seksjon teknisk
5561 Bokn

**BOKN KOMMUNE**
**TEKNISK**

VEDL. 3

BOKN

Gunnar Hop
Postboks 243

4291 KOPERVIK

| **Vår ref.:** | **Dykkar ref.:** | **Dato:** |
|---|---|---|
| 11/277-2/GBR-11/185//KBU | | 08.06.2011 |

## Gnr 11 bnr 185 -Gunnar Hop - søknad om løyve til sprengning og utfylling

Det vert vist til Dykkar e-post dagsett 03.06.2011 vedkomande sprenging og utfylling på ovannemnde eigedom.

Det arbeidet som vert omtala i brevet, krev byggeløyve etter § 20-1 i plan- og bygningslova. Dette inneber at det må sendast inn fullstendig søknad med tilhøyrande skjema og søknad om ansvarsrettar frå føretak med naudsynt kompetanse.
Naboar må og varslast.

Ut frå det kartet som låg ved e-posten, kan det sjå ut til at sprengingsarealet går lenger nord enn det regulerte grøntarealet, og også utover grensa for planen.
Dette kan ikkje godkjennast, og søknaden må omarbeidast på dette punktet.
Mellom anna ligg det ein steinalderlokalitet ca 20m nordvest for planavgrensinga, og det er viktig at denne ikkje vert skada.
Etter føresegnene til planen skal fjellskjæringa sikrast og det skal etablerast eit 2meter høgt gjerde 1 meter inn frå topp skjæring.
Dette gjerdet må visast i byggesøknaden, og det må gå fram av søknaden at gjerdet vil verta etablert straks sprengingsarbeidet er ferdig.

Det er heller ikkje samsvar mellom planen med omsyn til utfylling i sjø, og det må i søknaden gjerast nærare greie for dette. Eventuell dispensasjonssøknad må grunngjevast.

All utfylling i sjø krev løyve etter hamnelova, jfr § 16 i føresegnene til bebyggelsesplanen. Saka må derfor leggjast fram for Karmsund hamnevesen og Kystverket.

   Om det at administrasjonen ikkje har forfylgt ulovleg tiltak, er å seia det som fylgjer: Det er her tale om ei skjene som er festa i betongkant langs muren. Skjena er om lag 15 cm høg og stikk 10 til 15 cm fram medrekna betongkanten. Lengda er på 3 m. Skjena blir nytta som oppheng for fendrar og til fortøying. Ei slik sak er ikkje søknadspliktig. Ein har ikkje forfylgt saka som ikkje er ei sak. Ein stør seg i dette til Pbl. § 32-1 andre setning, som seier: « *Er overtredelsen av mindre betydning, kan kommunen avstå frå å forfølge ulovligheten, beslutningen om dette er ikkje enkeltvedtak*».

| Postadr.: | Telefon: | Telefaks: | Bankgiro: | Org. nr: | E post: |
|---|---|---|---|---|---|
| 5561 Bokn | 52 75 25<br>0052752506 | 52 75 25 15 | 3373.07.00305 | 964979723 | post@bokn.kommune.no |

2. **Flytting av bruksrett på kommunal kai**
Bruken er i samsvar med formannskapet sitt vedtak om lokalisering av bruksretten, men på grunn av ei misforståing om kvar grensene for klausulert område går, vart det lagt til grunn at den aktuelle fortøyingsstaden låg på grunn som ikkje var klausulert. I ettertid er det kome fram at heile kommunen sitt område til liks med strandsona som Lars Norekvål eig, er klausulert.

3. **Oppfølging av vedtak i formannskapet og forståelse av avtale**
Når det gjeld dette punktet, må det seiast at det ved fleire høve har vore kontant mellom partane for å finna ei løysing som både tener allmennytten og som ikkje øydelegg for dei private rettane i området. Eit resultat av desse kontaktane er avtalen mellom kommunen og eigar av b.nr. 16. Punkt 2 i avtaler seier: « *Partane er samde om at Bokn kommune si utbygging og bruk av kai/ bryggje – areal i Føresvik Indre Hamn, ikkje skal hindre ferdsel/tilflyt/ tilgang til Lars Norekvål si bryggje. Bokn kommune aksepterer at eventuelle båtar som får løyve til å legga til kai ved kommunen sin eigedom, skal leggast parallelt med kaien eller leggast på annan måte, slik at dei ikkje hindrar tilflyt til Lars Norekvål si bryggje.* Eigar av b.nr. 12 har rett til å nytta 6 m ytst på kaien på et vis som ikkje er til hinder for tilflot til b.nr 16. Kommunen har ikkje merkt seg at det har vore konflikt om faktisk bruk.
I tilrådinga til forvaltningstyret skriv administrasjonen: « *Privatrettslege tilhøve ligg derimot utanfor forvaltningsstyret sitt kompetanseområde, og styret skal derfor ikkje ta standpunkt til om slike tilhøve er til hinder for at tiltaket vert gjennomført.*» Med dette seier ein at forvaltningsstyret berre tek stode til tilhøve til Plan- og bygningslova. Vedtak etter lova verkar ikkje inn på privatrettslege tilhøve. Vedtak verken stadfestar eller tek bort dei private rettane.

4. **Vurdering av bruksrett**
Bruksretten/ eigedomsretten som g.nr. 9 b.nr. 12 har, er ein evigvarande rett eller eigedomsrett som ikkje har noko med byksling å gjera.

5. **Føresvik Indre kai og allmenheten?**
Til dette er å seia at kommunen ved å gjera minnelege avtalar har søkt å sikra interessene til innbyggjarane så langt det let seg gjera i samarbeid med oppsitjarar og naboar. Alternativt kunne ein gjort dette med å nytta seg av ekspropriasjon etter lova. I Bokn har ein så langt rå er freista å ikkje nytta dette verkemidlet.

Med helsing

Jan Erik Nygaard
Rådmann

Kåre Bua
Teknisk sjef

HAUGALAND
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Bokn kommune
Postmottak
Boknatunvegen 13

5561 BOKN

| Dykkar ref. | Dykkar dato | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|---|
| | | 12/384/216/tha/ | 05.12.12 |

**FØRESVIK INDRE HAMN** -

Vedlagt følgjer særutskrift frå møte i kontrollutvalet 28.11.12, sak 20/12, samt kopi av brev dagsett 18.10.12 frå Lars Norekvål til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vedtok i møte følgjande:

***Utvalet ber om rådmannen sin kommentarar/svar på spørsmåla i brev om Føresvik Indre Hamn så snart som mogeleg og at han kjem og orienterer i neste møte.***

I følgje vedtatt møteplan er neste møte 7. mars 2013.

Dersom det er spørsmål, ta gjerne kontakt direkte med utvalssekretær på tlf 52 75 73 50 eller 959 86 979 eller e-post: tha@kontrollutvalgene.no .

Med helsing
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Toril Hallsjø
Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær for
kontrollutvalet i Bokn

Vedlegg: Særutskrift sak 20/12
Brev frå Lars Norekvål, dagsett 18.10.12 m/6 vedlegg og kart

Kontrollutvalget
Bokn Kommune

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 19.10.12
Journalført: 12/295/tha
Arkivkode: 216

Lars Norekvål
Leirgrovvegen 27
5561 BOKN

Bokn, 18.10.12

# Føresvik Indre havn

Ønsker at kontrollutvalget vurderer følgende punkter vedrørende saksbehandling og manglende oppfølging av politiske vedtak fra administrasjonen i Bokn kommune.

1. **Manglende oppfølging av vedtak i saksnr 034/11 i Forvaltningstyre 13.09.11 og ulovlig tiltak på kommunal eiendom**

   Det ble 25.05.11 søkt om utlegging av utrigger på 8 meter på den kommunale kai i Føresvik Indre havn av eier av gnr. 9 bnr. 12, Thuestad/Ellingsen. Søknad ble ikke godkjent av forvaltningsstyre, se vedlegg 1 vedtak i saksnr. 034/11. Thuestad/Ellingsen hadde imidlertid allerede før søknad ble behandlet tatt seg til rette på kommunal eiendom ved å etablere skinne for festeordning av utrigger på den kommunale kaien. Når søknad ble avslått, skal vel også påbegynt tiltak fjernes? Kommunen har tidligere oppfordret til å gi tilbakemelding om ulovlige tiltak i strandsonen. En bør da kunne følge opp egen eiendom eller er det fritt frem på kommunal eiendom?



2. **Flytting av bruksrett på kommunal kai**
   Det ble i saksnr 045/10 vedtatt i formannskapet 08.06.10 at eier av gnr. 9 bnr. 12, Thuestad/Ellingsen skulle få flytte en "rettighet" til kommunal eiendom på uklausulert eiendom. I saksfremstillingen er formannskapet blitt forelagt et kart som viser klausulert sone, og at "rettigheten" kan benyttes på den østlige delen av steinmuren. Undertegnede stiller seg undrende til hvilket kart formannskapet er blitt fremlagt av administrasjonen, siden hele kai fronten i Føresvik indre havn er klausulert sone. Se vedlegg 2 som viser klausulert sone skravert i gult.
   Undertegnede er i tidligere møte med administrasjonen blitt fremlagt samme kart, spørsmålet er om formannskapet ble det?
   Dagens plassering for båtene til Ellingsen/Thuestad på kommunal eiendom er i strid med vedtak i saksnr 045/10 fra formannskapet og korrespondanse fra Kystverket (vedlegg 3). Administrasjonen er tidligere blitt gjort oppmerksom på dette. Hvorfor er ikke vedtaket fra formannskapet og Kystverket blitt fulgt opp av administrasjonen?

3. **Oppfølging av vedtak i formannskapet og forståelse av avtale**
   Fra første gang jeg ble kontaktet av Bokn kommune (2009) om planene for utbygging av Føresvik kai, har jeg gitt klart uttrykk for at en eventuell utbygging (og utfylling i sjø) ikke skulle hindre tilgang til min kai. Når jeg bygget min kai, gravde jeg vekk 6-7 meter av opprinnelig kai, slik at jeg var tilnærmet i strandlinjen. Det vil si at jeg med dagens utriggere på 6 meter er lenger inne enn ved opprinnelig kai.
   Det var først etter at jeg ferdigstilte min kai i september 2009, det ble gjort fremskritt i planene for utbygging av havneområdet i Føresvik ved at utformingen av den kommunale kai ble gjort i tilsvarende stil som min kai. Jeg hadde blant annet tidligere ansatt på teknisk Bernt Østnor på befaring sammen med arkitekt.
   Når jeg mottok muntlig nabovarsel av ansatt på teknisk Hans Faye, mandag 12. juli -10, dagen før oppstart i Føresvik havn. Gjentok jeg at en eventuell utbygging i Føresvik havn ikke skulle hindre tilkomst til min brygge, og at dersom båter ikke skulle legges parallelt med planlagt kai. Måtte kommunen følge strandlinjen som de fleste andre grunneiere i havneområdet. Det vil si at en ikke kan fylle ut i havneområdet som planlagt.
   Ved behandling av saken i formannskapet saksnr 045/10 ble det uttalt av formannskapet at en eventuell utbygging av kommunal eiendom i Føresvik indre havn ikke skulle ødelegge for grunneier av gnr. 9 bnr. 16 (nabokaien). Dette fremkommer også av det justerte vedtaket som ble gjort, "Justering av planen/plassering av båtplasser gjøres i samarbeid med grunneigar". Med "grunneigar" er det å forstå som undertegnede.
   Jeg ønsket at en avtale skulle utformes i tråd med vedtaket fra formannskapet. Etter gjentatte purringer på rådmann Jan Erik Nygaard, se vedlegg 4 ble det utformet en avtale med Bokn Kommune, og signert ved ordfører Kyrre Lindanger. Se for øvrig kopi av vedlagte avtale vedlegg 5. Forståelsen av avtale og hvordan båter skulle ligge ved den kommunale kaien trodde undertegnede var uomtvistelig. Noe som også er vist på vedlagte planskisse som ble utarbeidet for området, fremlagt for formannskapet og havnen er bygget etter (vedlegg 6). Det var altså enighet mellom grunneiere av 9/23 Bokn kommune og 9/16 undertegnede for disponering av området.

Når eier av gnr. 9 bnr. 12, Thuestad/Ellingsen søkte om å legge ut en 8 meter lang utrigger henviser administrasjonen til tidligere inngått avtale som "privatrettslige tilhøve" som ikke angår saken.
Hva mente da administrasjonen med den inngåtte avtalen, da den tydeligvis ikke tjener sitt formål. Og er vedtaket i formannskapet oppfylt eller oversett av administrasjonen?

4. **Vurdering av bruksrett**
Det fremkommer i saksfremstillingen i formannskapet saksnr 045/10 at eier av gnr. 9 bnr. 12, Thuestad/Ellingsen har en "bruksrett". Det virker usannsynlig at en "rettighet" varer evig. Avtaler/festerett og lignende har ofte ikke lenger varighet enn 99 år. Når en "bruksrett" skifter eier, gir det som oftest eier av eiendom forkjøps/innløsningsrett av "rettigheter" på sin eiendom.
Med tanke på verdistigningen det har vært og er på sjøeiendommer finner jeg det påfallende at administrasjonen ikke engang har vurdert realiteten i "bruksretten" juridisk. Det fremkommer i hvert fall ikke av saksfremstillingen.

5. **Føresvik Indre kai for allmenheten?**
I saksfremstillingen i formannskapet saksnr 045/10 under overskriften "Rådmannen sin vurdering" fremkommer det "En viktig del av planintensjonen har vært å skape et felles uterom for allmenheten rundt den "uberørte" delen av strandsonen i Føresvik havn".
Når enkelte bruker store deler av kaien til permanent fortøyning, er det ikke plass for andre som ønsker å bruke badeplass eller det øvrige område når en kommer via sjøveien. Var dette formannskapet sin intensjon, når en vedtok å bruke 1 mill til forskjønning av området?



Vedlegg: Ikke-mangfoldiggjort!

**BOKN KOMMUNE** **Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Kontrollutvalet | 21.03.13 | **3/13** |
| | | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 216 | |

# VAL AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

**Bakgrunn:**
Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å sette i bestilling i 2013, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast på neste møte.

**Saksorientering:**
Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon skal bestillast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2012-2016 blei vedteken av Bokn kommune-styre i møte 18.12.12, sak 42/12. Følgjande prosjekt er tatt inn i planen:

1. Økonomisk sosialhjelp

- Pasient- og brukarrettar innan helse/omsorg
- Handtering av sjukefråveret
- Barnevern
- Samhandlingsreforma

Fyrste prosjekt har er prioritert og det vil difor vere naturleg og velje det som fyrste prosjekt. Det er nemnt at ein ønskjer å sjå nærare på kvifor utgiftene til *økonomisk sosialhjelp* har auka så mykje det siste året.

Utkast til prosjektmandat vil i då kunne bli handsama på neste møte i mai, slik at endeleg bestilling kan bli gjort.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Økonomisk sosialhjelp" til neste møte i mai.

Aksdal, 27.01.13

Toril Hallsjø
*Utvalssekretær*

**BOKN KOMMUNE** **Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnr** |
| Kontrollutvalet | 21.03.13 | **4/13** |
| Kommunestyret | 18.06.13 | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | | |

## KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2012

**Vedlegg:** Utkast til årsmelding for 2012

**Saksorientering:**

I følgje kommuneloven § 77 pkt 6 skal "*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*".

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2012 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2012 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

### SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:

Bokn kontrollutval godkjenner årsmelding for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 28.02.13

T. Hallsjø

Toril Hallsjø
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

***BOKN KOMMUNE***

# KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

# FOR 2012



KONTROLLUTVALET
BOKN KOMMUNE

## INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2012.

I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal *"kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret".*

## 1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

## 2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011 - 2015 har Bokn kommunestyre vald følgjande til kontrollutvalet:

| | Faste medlemmer | Varamedlemmer: |
|---|---|---|
| Leiar | **Daghild G. Alvestad** (Sp)) | 1. Osmund Våga |
| Nestleiar | **Olav Lande Rossebø** (H) | 2. Rita Boknaberg |
| Medlem | **Christine Berg Christiansen** (A) | 3. Christian Bottolf Knutsen |

Christine Berg Christiansen er fast kommunestyrerepresentant og Daghild Alvestad er 1. vararepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han var til stades i to møte i fjor. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han møtte to gonger i haust. Kommunestyret vedtok eige reglement for kontrollutvalet i møte i 2011.

## 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2012

Kontrollutvalet har hatt **4** møte fordelt på to møte om våren og to møte om hausten. Utvalet har helde møta på Boknatun. Kontrollutvalet sine møte har vore lukka, då utvalet ikkje har bestemt noko anna (§ 77 nr 8).

Utvalet har hatt **26** saker til handsaming og **33** saker til orientering. Sjå oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet som vedlegg til årsmeldinga.

Medlemmane deltok på Kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommune-revisorforbund (NKRF) på Gardermoen 01.-02.02.12. Ingen deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 06.-07.06.12 i Trondheim eller konferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 01.11.12.

## 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 19.05.11 kommunen sin årsrekneskap for 2010 til handsaming. Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til årsrekneskapen. Revisor hadde heller ikkje i år ikkje komme med noko årsoppgjerbrev, då det ikkje var funne noko spesielt å kommentere. Utvalet hadde ingen merknader og var som tidligare år nøgd med innhald og utforming av kommunen si årsmelding.

### 4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltnings-revisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Etter planen for 2008-2011 skulle det vore gjennomført forvaltningsrevisjon om kommunen sine kjøp av konsulenttenester og rutinar knytte til overlevering og synfaring, men rapport blei ikkje levert av Haugaland kommunerevisjon som lova.

Bokn kommune sin nye plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 42/12. I planen er det tatt med eitt prioritert prosjekt og fire uprioriterte prosjekt. Løyvde budsjettmidlar tilseier at det ikkje kan bli gjennomført meir enn eitt til to prosjekter i perioden.

### 4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Planen for 2012-2016 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 40/12. Det er i planen lagt opp til ein gjennomgang av kommunen sin eigarinteresser i selskap.

Kontrollutvalet vedtok i 2012 å delta i selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS (IKA) i lag med dei andre eigarkommunane. Rapporten frå Rogaland Revisjon IKS var klar i januar og vil bli lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret i mars.

Tilbakemelding frå Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) på oppfølging av selskapskontrollen i 2011 blei handsama av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2012.

## 4.4 TILSYN MED REVISOR

Revisjonssjefen for Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor fram til 30.06.12 og Else Holst-Larsen i Deloitte as frå 01.07.12.

Bokn kommunestyre vedtok i 2011 og seie opp avtalen med Haugaland Kommune-revisjon og det tidligare interkommunale samarbeidet blei oppløyst frå 30.06.12. Anbod på revisjonstenestene blei lyst ut i DOFFIN før nyttår og ved utløp av anbodsfristen var det komme inn tilbod frå 4 anbydarar. Det vart den 08.02.12 halde forhandlingar med alle anbydarane og i etterkant blei nye priser levert.

Kommunestyret val Deloitte AS som ny revisor i møte 17.04.12, sak 17/12, slik kontrollutvalet hadde gjeve innstilling på i møte 12.03.12. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og ny revisor har deltatt på møta i haust. Dei har presentert revisjonselskapet og lagt fram si overordna revisjonsstrategi/plan for revisjonsarbeidet.

## 4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Frå administrasjonen har rådmannen, økonomisjef og teknisk sjef vore invitert til kontrollutvalet sine møte for å orientere i diverse saker.

Utvalet har i møta i mars og mai tatt opp og drøfta kommunen si handtering av meldte ulovlege byggverk i strandsona. Utvalet si uttale blei oversendt kommunestyret, men denne blei lagt fram som referatsak i junimøte, ikkje som eige sak.

Rådmannen er også blitt bedt om å gjere greie for utbygginga i Knarholmen, tilsettingar ved skule og barnehage våren 2012 og om KS-prosjektet om eigenkontrollarbeidet i kommunen og kommunen sin beredskap. I siste møte i 2012 vedtok utvalet å be om tilbakemelding frå rådmannen på mottatt brev som omhandla forholda ved Føresvik Indre Hamn.

Utvalet er og blitt orientert om skatteregnskap og vedtekne økonomiske rammer, halvårskontrollar og KOSTRA-tall i løpet av året.

## 4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama på hausten framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2013. Totalt var framlegg til budsjett på kr 296.000. Av dette utgjorde kr 92.000 til sekretariattenester, kr 158.000 til revisjonstenester og kr 46.000 til utvalet si eige verksemd. Det er da budsjettert med kjøp av ca. 70 timer til forvaltningsrevisjon og andre kontrollar.

I kommunestyremøte 18.12.12 blei to av summane vedteke, medan utgifter til møtegodtgjersle, reise og kurs/konferanse vil verte sett i samanheng med dei folkevalde på tenesteområde 1000. Utgiftene skal ifølgje KOSTRA førast på si eige funksjon (1100 – kontroll og tilsyn).

## 4.7 SEKRETARIAT

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei stifta i 2005. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Rådgjevar hadde fedrepermisjon i 12 veker på våren og valde så og seie opp i prøvetida. Ny rådgjevar blei tilsett 01.08.12. For dagleg leiar har det vore eit svært travelt år med nye folkevalde, nytt styre og representantskap, konkurranseutsetting av revisjon, bistå med at planarbeidet kom i hamn og tilsetting av ny rådgjevar. Sekretariatet har no kontakt og samarbeid med 4 revisjonsselskap.

Frå Bokn kommune er Johannes Nilssen vald til representantskapet i IKSet med Sonja Mikkelsen som varamedlem.

---

# 5. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2012 har vore som planlagt, men innanfor forvaltningsrevisjon mindre enn forventa i plan. Året har vore prega av å få på plass ny revisjonsordning og nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll dei neste fire år. Ved sekretariatet har permisjon og skifte av rådgjevar ført til at det har vore eit svært travelt år.

***

Bokn, 21.03.13

Daghild Alvestad
leiar

Olav Lande Rossebø　　　　Christine Berg Christiansen

## SAMLET OVERSIKT – BOKN KONTROLLUTVAL 2012 VEDLEGG

**Saker til behandling:**

| | |
|---|---|
| 1/12 | Godkjenning av protokoll frå møte 25.11.11 |
| 2/12 | Referatsaker 12.03.12 |
| 3/12 | Revisor si eigenerklæring for 2012 |
| 4/12 | Kontrollutvalet si årsmelding 2011 |
| 5/12 | Val av revisor for perioden 2012-2015 |
| 6/12 | Ulovlege byggverk i strandsona |
| | |
| 7/12 | Godkjenning av protokoll frå møte 12.03.12 |
| 8/12 | Referatsaker 24.05.12 |
| 9/12 | Årsrekneskapen 2011 – kontrollutvalet sin uttale |
| 10/12 | Handtering av ulovlege bygg i strandsona |
| 11/12 | Selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv IKS – utkast til mandat |
| 12/12 | Utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2012-2015 |
| | |
| 13/12 | Godkjenning av protokoll frå møte 24.05.12 |
| 14/12 | Referatsaker 12.09.12 |
| 15/12 | Revisor si eigenerklæring – Deloitte AS |
| 16/12 | Budsjett - kontroll og tilsyn 2013 – kontrollutvalet sitt framlegg |
| 17/12 | Plan for selskapskontroll 2012-2016 |
| 18/12 | Presentasjon av revisor – overordna revisjonsstrategi |
| 19/12 | Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 – arbeidet med analyse og plan |
| | |
| 20/12 | Godkjenning av protokoll frå møte 12.09.12 |
| 21/12 | Referatsaker 28.11.12 |
| 22/12 | Ny plan for forvaltningsrevisjon- endelig prioritering |
| 23/12 | Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 |
| 24/12 | Oppfølging av gjennomført selskapskontroll i HIM IKS |
| 25/12 | Statusoversikt over kontrollutval sine prosjekter pr nov 2012 |
| 26/12 | Møteplan for 2013 |

**Saker til orientering:**

1. Møteplan våren 2012
2. Overføring av oppgåver frå Helsetilsynet i fylket til Fylkesmannen
3. Dsb – kvar fjerde kommune utan straumberedskap
4. Folkehelseinstituttet - publisering av folkehelseprofiler av landets 429 kommuner
5. Bokn kommune sin folkehelseprofil 2012
6. Informasjonsskriv 1/12 frå NKRF - engasjementsbrev
7. Skatteoppkrevjaren i Bokn – skatterekneskap 2011 og årsrapport
8. Kontrollrapport 2011 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen i Bokn kommune
9. Haugaland kommunerevisjon – nedlegging
10. Kontrollutvalskonferansen 01.-02.02.12

11. HMS-rutinar innan teknisk v/teknisk sjef
12. Brev til rådmannen vedk. Øyren-feltet
13. Samandrag frå Etikk-konferansen 2012
14. Fylkesmannen - lovlegkontroll av sal av næringsbygg i Knarholmen
15. Fylkesmannen – ber om fleire opplysningar knytte til lovlegkontroll i bonussak
16. Ordføraren sitt svar 23.03.12 knytte til lovlegkontroll i bonussak
17. Kommunestyrevedtak 17.04.12, sak 17/12– val av revisor
18. Invitasjon til tilsynskonferanse for kommunane i Rogaland 02.10.12
19. Innkalling – representantskapsmøte i HIM IKS den 30. mai kl. 13.00
20. Innkalling – generalforsamling i Haugalandspakken AS 6. juni kl. 09.30
21. Innkalling – generalforsamling i Haugaland Kraft AS 4. juni kl. 15.00

22. Utbygginga i Knarholmen v/teknisk sjef
23. Tilsetting ved skule og barnehage våren 2012 v/økonomisjef/personalsjef
24. Eigenkontrollarbeidet i kommunen og KS-prosjekt v/rådmannen
25. Kjøp av konsulenttenester – oversyn 2008 og 2009
26. Forvaltningsstyresak 19/12 – ulovleg oppført brakke

27. Bokn kommune sin kriseberedskap v/rådmannen
28. Fylkesmannens tilsynskonferanse 02.10.12 – program og deltaking
29. Høstkonferansen 2012 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland, Sandnes 01.11.12
30. NKRF-konferansen 6.-7.03.13 Gardermoen – påmeldingsfrist 19.12.12
31. "Det uforståelige kommunebudsjettet" av Bjørn Brox – artikkel i K-rapport 2003
32. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS - 23.11.12
33. Føresvik Indre Hamn – brev frå Lars Norekvål

**BOKN KOMMUNE** **Saksframlegg**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Utval** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Kontrollutvalet | 21.03.13 | **5/13** |
| Kommunestyret | 18.06.13 | |

| **Saksansvarleg:** | **Arkivkode:** | **Arkivsak:** |
|---|---|---|
| Toril Hallsjø | 216 | |

# RAPPORT FRÅ SELSKAPSKONTROLL – INTERKOMMUNALT ARKIV I ROGALAND (IKA) IKS

**Vedlegg:** Revisjonsrapport - selskapskontroll IKA IKS , utarbeida av Rogaland Revisjon

**Bakgrunn:**
Kontrollutvalet gjorde føljande vedtak 24.05.12, sak 11/12:

> *Kontrollutvalet i Bokn vil delta i prosjektet med å gjennomføre selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS (IKA) i tråd med det utkast til prosjektmandat som ligg føre frå Rogaland Revisjon 02.02.12. Kostnadsfordeling vert godkjent slik det kjem fram i vedlegg.*

IKA IKS er eit offentlig heileigd selskap der i alt 24 kommunar og 4 selskap i Rogaland deltek som eigarar. Selskapskontrollen omfattar i utgangspunktet alle 24 kommunane.

**Mandatet:**
Prosjektmandat var *«å gjennomføre kontroll med forvaltninga av eigarinteressene i IKA (eigarskapskontroll), og ei analyse av utvalde forhold knytt til selskapet si drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).»*

Ut frå dette formålet foreslo revisor at det vert sett nærare på følgjande problemstillingar:

- Korleis er selskapet styrt og korleis er eigarane si oppfølging av selskapet lagt opp?
- Korleis følgjer selskapet opp formålet i selskapsavtalen og lovreglar om offentlige arkiv?
- Blir selskapet sine aktivitetar rapportert i tråd med lovar og reglar?
- Korleis følgjer selskapet opp lovreglar om offentlige anskaffingar og offentlegheit?
- Korleis handterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?

**Saksorientering:**
Rogaland Revisjon IKS har nå utarbeida vedlagde rapport frå den gjennomførte kontrollen av selskapet, som nå vert lagd fram for kontrollutvalet til handsaming. Revisor kjem med følјande tilrådingar:

Tilrådingar til selskapet:

- ***Styret bør utarbeide en styreinstruks. Styret bør foreta en årlig skriftlig egenvurdering. Styret bør registrere seg i KS sitt styrevervregister.***
- ***Selskapet bør innhente et formelt skattefritak for sin virksomhet.***
- ***Selskapet bør utarbeide et HMS-system. Selskapet bør vurdere valg av verneom-bud eller bruk av annen ordning.***
- ***Selskapet bør påse at lovregler om offentlige anskaffelser følges for både vare- og tjenestekjøp.***

Tilrådingar til eigarkommunane:

- ***Kommunene bør sikre at eierrepresentantene får opplæring og informasjon om eierstyring.***
- ***Valgkomitéen for styreutnevnelsen bør ta med habilitets- og kompetansevurderinger som dokumenteres***

For meir detaljar visast det til samandrag og sjølve rapporten.

Forskrift om kontrollutval § 15 slår fast at eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunen si eigarfunksjon, alltid skal ha høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei forhold som vert omtala i rapporten. Eventuelle kommentarar skal gå fram av rapporten.

Rapporten er kommentert av styre og dagleg leiar i selskapet, samt av eigarane ved representantskapet i eigarkommunane.

Selskapet sine kommentarar:
Rogaland Revisjon IKS har motteke føljande kommentarar frå selskapet 18.01.13:

*Vi viser til e-post av 19. desember 2012 vedrørende høring av rapport etter selskaps-kontroll av Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS (IKA).*
*Vi har ingen merknader til faktagrunnlaget slik det forekommer i rapporten.*

*Når det gjelder de negative funnene i rapporten har vi følgende kommentarer:*

- *Skattefritak på overskudd: IKA vil søke Skatteetaten om skattefritak i løpet av 1. halvår 2013.*
- *HMS-system: Det vil bli utarbeidet og iverksatt et HMS-system i løpet av 2013.*
- *Valg av verneombud eller annen ordning: Øystein Jonassen er valgt til verneom-bud i to år fra og med 2013. Han vil få opplæring i løpet av året, og en instruks for verneombud vil bli utarbeidet i forbindelse med nytt HMS-system.*
- *Konkurranseutsetting av tjenesteavtaler: Det vil i løpet av året bli hentet inn tilbud på bank, regnskap og IT i henhold til reglene om offentlige anskaffelser.*
- *Behovet for styreinstruks, skriftlig egenvurdering, styreansvarsforsikring og registrering i KS sitt styrevervregister vil bli behandlet av styret i løpet av våren 2013.*
- *Opplæring av eierrepresentantene: IKA ser på dette som eiernes ansvar.*

Eigarane sine kommentarar:

Frå eigarane er det komme tilbakemelding frå nokre få eigarrepresentantar. Desse hadde ingen særskilte kommentarar til rapporten.

Det er ikkje tilsvarande krav for oppfølging av selskapskontroll som for forvaltningsrevisjon. For kommunane sin del er kontroll av eigarskap vedteke i ny plan for selskapskontroll, og vil bli sett på samla. Det er derfor ikkje naturleg å følgja opp tilrådingane til eigarane nå. Når det gjeld tilrådingane til selskapet vil ein gjere framlegg om at desse blir følgd opp hausten 2013.

Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i denne saka.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Bokn kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.

2. Rapporten vert oversendt Bokn kommune som eigarkommune, og kommunen v/ordførar og rådmann vert bedt om å følgje opp rapporten sine tilrådingar.

3. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet i løpet av hausten 2013.

Aksdal, 11.03.13

Toril Hallsjø

Toril Hallsjø
*Dagleg leiar/utvalssekretær*